



# INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

Hordaland fylkeskommune  
12 JAN 2017  
2014/1552-39

Dok 30

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår referanse  
16-199497RFA-JVOS

Dato  
10.01.2017

## Postforkynning med mottakskvittering 16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.

Vedlagte dokument(er):

Dokument	Dokumentdato	Dokumentnummer
Kravskjema.pdf	09.12.2016	199497/1
Forkynning av sak - uten spørsmål om meddommere	10.01.2017	199497/15

Vert rekna som forkynt for deg **17.01.2017**.

At dokumentet er forkynt, vil seie at det reknast for å ha kome fram til deg, slik at du har kunne gjere deg kjent med innhaldet. Forkynningsdatoen er blant anna utgangspunkt for berekning av fristar.

Dersom du mottar dette brevet **seinare** enn nevnte dato, og difor ynskjer eit seinare utgangspunkt for fristberekninga, må du straks melde fra til eller ta kontakt med vårt kontor. Årsaka til forsinkelsen må oppgis.

**Merk:** Du må **snarast mogleg** og **seinast innan 23.01.2017** bekrefte at brevet er mottatt ved å fylle ut kvitteringen og sende den tilbake i vedlagte konvolutt. Dersom me ikkje innan fristens utløp får mottakskvitteringen i retur, vil vedlagte dokument(er) bli forkynt for deg på din bustad eller arbeidsplass av stevnevitne.

Spørsmål om denne forkynningen kan rettast til vårt kontor.

Indre Hordaland jordskifterett

*Kari Nestaas*  
Kari Nestaas  
førstekonsulent

Sendast tilbake til :

Indre Hordaland jordskifterett  
Skulegt. 11 a, 5700 Voss

Vår referanse

16-199497RFA-JVOS

**Kvittering for mottak av forkynning  
FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.**

De dokumentene som er nevnt nedanfor, er mottatt:

Dokument	Dokumentdato	Dokumentnummer
Kravskjema.pdf	09.12.2016	199497/1
Forkynning av sak - uten spørsmål om meddommere	10.01.2017	199497/15

Fyll ut feltene nedenfor:

Adresse:	Postboks 7900 5020 Bergen
Telefon mobil:	924 50 196
Alternativ telefon:	55 23 90 11
E-post:	

*Dato*

*Underskrift*

X  
**Hordaland fylkeskommune**





# INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

Dok 15

Vår referanse

16-199497RFA-JVOS

Dato

10.01.2017

## Krav om sak for jordskifteretten

Lars Aslak Flatekvål har kravd sak for jordskifteretten.

Saka har fått saksnummer 16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.. Vi ber om at du nyttar dette saksnummeret seinare i saken.

Kopi av kravet med vedlegg ligg ved. Kravet viser kva Lars Aslak Flatekvål vil ha behandla.

Dersom du har opplysningar eller merknader til kravet, bør du sende dei til jordskifteretten innan tre veker frå kravet er forkynt. Tilsvarende gjeld om du meiner at det er oppgjeve feil namn, gardsnummer, bruksnummer eller liknande. Vi oppmodar deg til å sende inn dei dokumenta du meiner har noko å seie i saken.

Saka er kravd utan jordskiftemeddommarar. Vil du at retten skal settast med jordskiftemeddommarar i tillegg til jordskiftedommaren, må vi få melding innan tre veker frå kravet er forkynt.

Innkalling til møte vil bli sendt seinare med minst to vekers varsel.

Vi gjer merksam på at kravet blir registrert i matrikkelen på din eigedom.

Med helsing

Indre Hordaland jordskifterett

*Signe Flønde Skreit*  
*for*

Kari Nestaas

førstekonsulent

---

**Postadresse**

Skulegt. 11 a, 5700 Voss

**Besøksadresse**

Skulegt. 11 a, Voss

**E-post/Internet**

indre.hordaland.jordskifterett@domstol.no  
<http://www.domstol.no/jvos>

**Organisasjonsnummer**

974742683

**Telefon**  
56529190

## Vedlegg

- kopi av kravet med vedlegg
- partsliste
- orientering om saksgangen ved jordskifteretten
- informasjon til sjølvprosederande partar i saker for jordskifteretten

**Følgjande er partar i saka**

<b>Partar</b>	<b>Prosessfullmektigar</b>	<b>Kommune</b>	<b>Gnr.</b>	<b>Bnr.</b>	<b>Fnr.</b>	<b>Snr.</b>
Hordaland fylkeskommune		Voss (1235)	60	1		
Tina Fimreite Gjerskvål		Voss (1235)	60	2		
Sigbjørn Dugstad		Voss (1235)	60	3		
Lars Aslak Flatekvål		Voss (1235)	61	1		
Aaslaug H Hansen		Voss (1235)	61	2		
Olav Flatekvål		Voss (1235)	61	4		
Gunnar Amundsen		Voss (1235)	61	8		
Oddmund Norekvål		Voss (1235)	61	20		
Nils Een		Voss (1235)	61	21		
Steinar Een		Voss (1235)	62	1		
Johannes Een		Voss (1235)	62	2		
Svein Ekrem		Voss (1235)	62	3		
Arvid Een		Voss (1235)	62	6		
Randi Norekvål		Voss (1235)	63	1		
Jon Taskjelle Norekvål		Voss (1235)	63	3		
Arne Gregersen Torill Saue		Voss (1235)	64	1		
Geir Løne		Voss (1235)	65	1		
Nils Gjeraker		Voss (1235)	66	1		
Ivar Løne		Voss (1235)	67	1		
Marta Løne Seim		Voss (1235)	67	2		
Marta Løne Seim		Voss (1235)	67	4		

## **Orientering om saksgangen ved jordskifteretten**

### **Saksførebuing**

Ved oppstart av ei sak kan det vere tenleg med ei saksførebuing. Det kan innkallast til eit saksførebuande møte der partane munnleg forklarar problema dei ønskjer å få løyst. Det kan alternativt vera skriftleg saksførebuing.

### **Forhandlingane**

Forhandlingane går føre seg munnleg og direkte i rettsmøte der alle partane blir kalla inn.

### **Bevis**

Det er partane sitt ansvar å skaffe dokument eller andre bevis (skylddelingsforretningar, målebrev, tidlegare jordskiftesaker, avtaler, kart etc.) som kan opplyse saka. Jordskifteretten kan setje frist for dette. Dokument som du meiner har noko å seia for saka, kan godt sendast til jordskifteretten straks.

### **Jordskiftekostnader**

Jordskiftekostander er gebyr og utgifter til meddommarar (dersom meddommarar skal vera med). Desse kostnadene vil partane måtte dekke i forhold til nytta av saka.

### **Partane sine rettar**

Partane har rett til å vera med på alle møter som vedkjem deira interesser og å gjera seg kjende med alle dokumenta i saka.

Nærare opplysningar kan ein få ved å vende seg hit.

Hugs å vise til saksnummer.

## Informasjon til sjølvprosederande partar i saker for jordskifteretten

I jordskifteretten er det vanleg å møte utan advokat eller annan prosessfullmektig. I dette informasjonsskrivet gjev vi nokre opplysningar som kan vere til hjelp for deg som tenkjer å møte utan advokat.

Jordskifteretten er ein domstol som behandlar saker om fast eigedom. Dei viktigaste reglane om arbeidsoppgåvene til jordskifteretten og om saksbehandlinga finn du i jordskiftelova, men og tvistelova har reglar om saksbehandlinga. Lovene finn du på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

### Ver særleg merksam på

Du må sjølv ta vare på dine interesser i saka. Det er du som har ansvaret for å skaffe dokument og eventuelt andre bevis som kan vere med på å klargjere saka.

Jordskiftedommaren har plikt til å rettleie partane. Er noko uklart eller vanskeleg, er det difor viktig at du tek det opp. Jordskiftedommaren skal vere upartisk og han/ho kan såleis ikkje gje råd om til dømes kva standpunkt du bør ta.

Eit viktig prinsipp i all rettargang, er at alle partane skal ha tilgang til dokumentasjonen i saka. Dokument som blir sendt inn til jordskifteretten, blir difor sendt ut til alle partane. Du bør sende aktuelle dokument til jordskifteretten så snart som mogleg. Det blir til vanleg sett ein frist for innsending av dokument. Den viktigaste kommunikasjonen skjer likevel i rettsmøte der du får høve til å gjere greie for dine synspunkt.

Under heile saka vil det vere mogleg for partane å bli samde om løysingar. For å få dette til, bør du på førehand tenkje gjennom kva som er viktig for deg og din eigedom.

### Saksgang

Gjennomføringa av ei sak vil variere mykje alt etter sakstypen og omfanget. Eit viktig skilje går mellom saker som er *rettsfastsettande* og dei som er *rettsendrande*. Jordskifteretten kan og halde *skjønn*. Jordskifteretten kan kalle inn til *saksførebuande rettsmøte* for mellom anna å klarleggje kva kravet gjeld, kven som må vere partar og for å lage ein plan for arbeidet med saka.

### Rettsfastsettande saker

Dei rettsfastsettande sakene går ut på å klarleggje og å ta avgjerder om eigedomsforhold, grenser og bruksrettar.

Om partane blir samde i løpet av saka, vil det bli lagt til grunn.

Der det er tvist, blir tvisten behandla i rettsmøte (hovudforhandling) der partane får forklare seg og føre sine bevis. I slike rettsmøte kan partane og føre vitne. Til vanleg vil det og vere synfaring i samband med møtet. Jordskifteretten avgjer tvisten ved dom med grunnlag i det som kjem fram i møtet.

### Rettsendrande saker

I dei rettsendrande sakene kan jordskifteretten endre på utenleige egedoms- og bruksrettsforhold og skipe nye samarbeidsordningar. Eit vilkår for endring er at kostnadene og ulempene ikkje blir større enn nytta for nokon egedom eller bruksrett.

Det første møtet vil normalt gå ut på å få klarlagt kravet og korleis partane stiller seg til det. Jordskifteretten må ta stilling til om vilkåra for rettsendring er til stades. Er dei det, skal jordskifteretten lage eit forslag til løysing. Forslaget blir sendt partane og vil som hovudregel bli drøfta i eit rettsmøte. Dersom partane ikkje blir samde, vil jordskifteretten bestemme løysinga.

Også i rettsendrande saker kan det vere nødvendig å avgjere tvist om gjeldande rettsforhold. Prosessen blir då som for dei rettsfastsettande sakene.

### Skjønn

Skjønn går til vanleg ut på å fastsette erstatningar eller å fordele kostnader og plikter. I skjønn blir det normalt halde eitt rettsmøte før jordskifteretten tek avgjerda. Skjønn kan bli halde som eiga sak, men kan og haldast som del av ei jordskiftesak.

### **Samansettinga av retten**

Hovudregelen i jordskiftesaker er jordskiftedommaren som einedommar. Dersom ein part krev det eller jordskiftedommaren meiner det trengst, skal retten i tillegg setjast med to jordskiftemeddommarar. I skjønn som eiga sak, skal det oppnemnast fire, alternativt to, skjønnsmedlemmer.

### **Mekling**

Jordskifteretten vil undervegs i saka vere open for og kan medverke til at partane finn fram til minnelege løysingar. Du må vere budd på at jordskiftedommaren kan ta opp spørsmål om forlik.

I tvistar kan jordskifteretten kalle inn til rettsmekling der det vil bli gjort forsøk på å få partane samde.

### **Meir informasjon**

Nokre nettsider som kan vere nyttige:

---

<a href="http://jordskifte.no">jordskifte.no</a>	Informasjon om jordskifteretten
<a href="http://domstol.no">domstol.no</a>	Generell informasjon om domstolane
<a href="http://lovdata.no">lovdata.no</a>	Lover og forskifter
<a href="http://arkivverket.no">arkivverket.no</a>	Riksarkivet og statsarkiva
<a href="http://tinglysing.no">tinglysing.no</a>	Tinglyste dokument
<a href="http://seeiendom.no">seeiendom.no</a>	Kart og informasjon om egedomar
<a href="http://statkart.no">statkart.no</a>	Statens kartverk
<a href="http://norgeskart.no">norgeskart.no</a>	Kart
<a href="http://nibio.no">nibio.no</a>	Norsk institutt for bioøkonomi

---

Har du spørsmål som dette informasjonsskrivet ikkje gir svar på, kan du kontakte jordskifteretten.



# Krav om sak for jordskifteretten

16-199497FA  
09.12.16  
1

**1. Jordskifterett**  
 Namn på domstol  
 INDBE HORDALAND JSK

NB! Les rettleiinga før du fyller ut skjemaet.

**2. Partar.** Du må skrive opp alle som du meiner saka vedkjem. Er det for lite plass kan du leggje ved eige ark.

Kommune **Voss**

Gnr./Bnr./Fnr.	Eigar/rettshavar	Postadresse
61-1	Lars Aslak Flatevål	5710 Skulestadsvei Flatevål 98
60-3	Sigbjörn Dugstad	- " - Flatevål 46
60-1	Voss jordbrukskule	- " - 29
62-1	Stinar B. Eien	- " - Aensmoen 47
62	Arvid Eien	- " - " - 64
62-2	Johannes Eien	- " - Strandavgen 440
	Svein Eivrem	- " - Aensmoen 36
63-1	Randi Norevål	- " - Norevål 43
63-3	Jon Tashjelle Norevål	- " - Norevål 69
	Oddmund Norevål	- " - Flatevål 107

**3. Saka gjeld.** Forklar kva saka gjeld og legg ved dei dokumenta som har noko å seie i saka. Ved mangel på plass kan du bruke eige ark.

Grensegang for Flatevål 61-1 sitt fjell/stals område etter udslyftsforretning fra 1837 - 1838  
 Grensesetting etter markering på kart.

<b>4. Virkemiddel</b>	
4.1 Jordskifte	
<input type="checkbox"/> Endring av eigedoms- eller bruksrettstilhøve Følgjande virkemiddel kan nyttast: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett, § 3-4</li> <li>• Skiping av sameige, § 3-5</li> <li>• Oppløysing av sameige, § 3-6</li> <li>• Deling av eigedom, § 3-7</li> <li>• Reglar om sambruk (bruksordning), § 3-8</li> <li>• Pålegg om felles tiltak, § 3-9</li> <li>• Skiping eller endring av lag § 3-10</li> <li>• Avløysing, §§ 3-11 – 3-12</li> <li>• Tiltaks- eller vernejordskifte § 3-2, jf. § 1-3</li> </ul>	
4.2 Rettsfastsetting – klarlegging av eigedoms-, bruksrettstilhøve eller grenser	
<input checked="" type="checkbox"/> Rettsutgreiing, § 4-1	<input checked="" type="checkbox"/> Grønsfastsetting, § 4-2
4.3 Skjønn	
<input type="checkbox"/> Skjønn etter grannegjerdelova, § 5-3 bokstav b	<input type="checkbox"/> Skjønn etter reindriftslova, § 5-3 bokstav g
<input type="checkbox"/> Skjønn etter beitelova, § 5-3 bokstav c	<input type="checkbox"/> Avtaleskjønn som eiga sak, § 5-5
<input type="checkbox"/> Skjønn etter veglova, § 5-3 bokstav d	<input type="checkbox"/> Andre skjønn, sjå kapittel 5 i jordskiftelova
<input type="checkbox"/> Skjønn etter servituttlova, § 5-3 bokstav e	
4.4 Planskapt netto verdiauke	
<input type="checkbox"/> Fordeling av planskapt netto verdiauke, §§ 3-30 – 3-32	
4.5 Gjenopning	
<input type="checkbox"/> Gjenopning, § 8-14	

<b>5. Sammensettinga av retten</b>	
Jordskifte eller rettsfastsetting	Skjønn
Hovudregelen er jordskiftedommaren som einedommar. Ynskjer du at jordskifteretten i tillegg skal settast med to meddommarar, set kryss nedanfor.	Hovudregelen er at skjønnsretten skal settast med skjønnsstyrar og fire skjønnsmedlemer. Ynskjer du berre to skjønnsmedlemer, set kryss nedanfor.
<input type="checkbox"/> Ein jordskiftedommar og to meddommarar	<input type="checkbox"/> Ein skjønnsstyrar og to skjønnsmedlemer

<b>6. Vedlegg</b>

<b>7. Underskrift.</b> Den eller dei som krev saka må skrive under			
Dato	Namn (underskrift)		
9/12 2016	Lars Arslak Flatkvål		
Gnr./Bnr./Fnr.	Telefon	E-post	
61 - 1	41448369	karolajla@yahoo.no	
		karolajla	

*I 1982 -83 gjekk eg på agronomlinja ved Voss Jordbruksskule. I skogbruk hadde me rektor Knut Nedkvitne som lærar, han hadde også skrive og forfatta læreboka vår. Han tok for seg tregrense, spireevne, veksttid og vegetasjon og brukte Lønahorga som døme kvifor det ikkje vaks skog der, kor han kom med ein bemerkning til meg og sa, «ja det er jo du som eig Horgaknappen». Han var med som sjønsmann i Heradsretten 17. juni. 1977.*

*11 des 2016*

*Lars Arslak Flatehult*